HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Hordaland fagskulestyre** |
| **Møtestad:** | Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5 |
| **Dato:** | 28.11.2017 |
| **Tid:** | 16:00 |

**Program:**

Kl. 16.00: Handsaming styresaker

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Hordaland fagskulestyre. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Roald Kvamme
styrleiar

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 41/17 | Godkjenning av møteinnkalling og saksliste | | |
| PS 42/17 | Godkjenning møtebok forrige møte | | |
| PS 43/17 | Referatsaker (meldingar) | | |
| RS 19/17 | Orientering om samanslåing av Fagskolen i Hordaland og Hordaland helsefagskole | 2015/11453 | |
| PS 44/17 | Budsjett for Fagskolen i Hordaland 2018 | 2015/11453 | |
| PS 45/17 | Tilbodsstruktur ved Fagskolen i Hordaland 2018/19 | 2015/11453 | |
| PS 46/17 | Mål og tiltaksplan for Fagskolen i Hordaland 2017/18 | 2015/11453 | |
| PS 47/17 | Ymse | | |

**PS 41/17 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**

**PS 42/17 Godkjenning møtebok forrige møte**

**PS 43/17 Referatsaker (meldingar)**

**Notat**

Dato: 07.11.2017
Arkivsak: 2015/11453-107
Saksbehandlar: adelan

| | |
|---|---|
| **Til:** | Hordaland fagskulestyre |
| **Frå:** | Fylkesdirektør opplæring |

## Orientering om samanslåing av Fagskolen i Hordaland og Hordaland helsefagskole

03.10.2017 gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

> **«Vedtak**
> Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.»

Vedtaket i fylkestinget var i tråd med tidlegare tilråding frå fagskulestyret. I forkant av vedtaket i fylkestinget starta administrasjonen ved opplæringsavdelinga, saman med fagskulane, klargjerande møte for å vere førebudd på ei eventuell samanslåing. Like før vedtak om samanslåing i fylkestinget vart det etablert eit omstillingsutval (OMU). OMU er eit rådgjevande organ som består av leiinga ved fagskulane, representantar frå opplæringsavdelinga, tillitsvalde og verneombod. OMU har etablert ei arbeidsgruppe som skal sørge for god overgang av studentadministrasjon, og det har vorte gjennomført informasjonsmøte for dei tilsette ved helsefagskulen med representant frå HR-seksjonen i høve til rettar ved omstilling. Følgjande møte og aktivitet har vorte gjennomført i regi av OMU:

| **Dato** | **Aktivitet** |
|---|---|
| 29. september | Konstituerande møte i OMU. |
| 05. oktober | Møte for tilsette med verneombod og tillitsvalde etter vedtak i fylkestinget. |
| 16. oktober | Møte i OMU om organisering og overføring av tilsette. |
| 23. oktober | Informasjonsmøte for tilsette frå helsefagskulen – informasjon om Fagskolen i Hordaland og informasjon frå HR om rettar og prosess. |
| Oktober/november | Omstillingssamtalar ved Hordaland helsefagskole. |
| November | Individuelle samtalar mellom tilsette ved helsefagskulen og rektor ved Fagskolen i Hordaland. |
| 5. desember | Siste møte i OMU før jul. |

Det vert gjeve ein munnleg gjennomgang av aktiviteten i styremøtet 28.11.2017.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | OPPLÆRINGSAVDELINGA

Arkivnr: 2015/11453-110

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Hordaland fagskulestyre | 44/17 | 28.11.2017 |

# Budsjett for Fagskolen i Hordaland 2018

**Samandrag**
I denne saka vert det vist rekneskapsrapport for Fagskolen i Hordaland per 3. kvartal og rekneskapsrapport for Hordaland helsefagskole pr. 1. november 2017. Vidare vert forslag til budsjett for 2018 ved Fagskolen i Hordaland omtala. Budsjettforslaget ligg som vedlegg til saka. Forslag til årsbudsjett for Fagskolen i Hordaland 2018 syner at fagskulen har ei ramme på kr 93, 6 mill. i 2018.

**Forslag til vedtak**

Budsjett for Fagskolen i Hordaland for 2018 vert vedteke slik det kjem fram av vedlegg til saka.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg
1 Budsjettforslag for Fagskolen i Hordaland 2018

**Hordaland fylkeskommune**
OPPLÆRINGSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

**Fylkesrådmannen, 13.11.2017**

I denne saka vert det vist rekneskapsrapport for Fagskolen i Hordaland per 3. kvartal og rekneskapsrapport for Hordaland helsefagskole pr. 1. november 2017. Vidare vert forslag til budsjett for 2018 ved Fagskolen i Hordaland omtala. Budsjettforslaget ligg som vedlegg til saka. Fagskulane vil gje ytterlegare kommentarar til rekneskapsrapportane og forslag til årsbudsjett for 2018 i styremøtet 28.11.2017.

## Rekneskapsrapportar

Tabell 1. Rekneskapsrapport 3. kvartal 2017 - Fagskolen i Hordaland.

| Ansvar | Fagskolen i Hordaland | Regnskap | Budsjett pr 1 kv | Avvik pr 3 kv | Årsbudsjett | Rest årsbudsjett | Justering prognose i fht budsjett | Ny prognose |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Fagskolen i Hordaland | 67 725 | 69 353 | 1 629 | 93 267 | 25 542 | 92 480 | 92 480 |
| 691100 | Administrasjon | 4 109 | 5 180 | 1 071 | 5 573 | 1 464 | 92 480 | 92 480 |
| 691150 | Merkantil forvaltning | 2 501 | 2 075 | -426 | 2 850 | 349 | 0 | 0 |
| 691160 | Skolelokale | 2 796 | 1 275 | -1 521 | 1 700 | -1 096 | 0 | 0 |
| 691300 | Oppdragsverksemd | -1 035 | -50 | 985 | 0 | 1 035 | 0 | 0 |
| 691554 | Fagskole | 58 758 | 58 879 | 121 | 80 406 | 21 648 | 0 | 0 |
| 691900 | Voksenopplæring | 595 | 1 995 | 1 399 | 2 738 | 2 143 | 0 | 0 |

Fagskulen kommenterer at det er eit positivt avvik på kr 1,6 mill. men at dette ikkje utløyser endring i prognosen av di skulen har utestående faktura for vedlikehald av simulator på kr. 1, 85 mill. Skulen har også utestående inntekter frå MARFAG.

Tabell 2. Rekneskapsrapport for Hordaland helsefagskole per. 1. november 2017.

| | | | 30.09.2017 | 31.10.2017 | Okt | Nov/des | Total |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Art** | | **Budsjett inkl. endring** | **Regnskap** | **Regnskap** | **Regnskap** | **Regnskap** | **Regnskap** |
| | ALLE | | | | | | |
| 10111 | Fast løn, lærarar | 1 050 000 | 2 152 228 | 2 432 169 | 279 941 | 559 882 | 2 992 051 |
| 10260 | Vikar under sjukdom | 0 | 13 793 | 13 793 | - | - | 13 793 |
| 10560 | Funksjonstillegg | 0 | 58 446 | 65 951 | 7 505 | 15 010 | 80 961 |
| 10570 | Sensor ved eksamen | 0 | 50 619 | 50 619 | - | - | 50 619 |
| 10600 | Bilgodtgjersle, trekkpliktig | 0 | 3 082 | 3 318 | 236 | 472 | 3 790 |
| 10950 | KLP sykepleiere | 0 | 39 208 | 43 488 | 4 280 | 8 560 | 52 048 |
| 10970 | Statens pensjonskasse, premie | 0 | 225 098 | 250 375 | 25 277 | 50 554 | 300 929 |
| 10980 | Personalforsikringar | 0 | 3 326 | 3 695 | 369 | 738 | 4 433 |
| 10990 | Arbeidsgjevaravgift | 150 000 | 351 050 | 395 832 | 44 782 | 89 564 | 485 396 |
| 11002 | Budsjettfordeling | 1 042 600 | - | - | - | - | - |
| 11057 | Bøker, filmer og lignende til elever/skulel | 0 | 275 | 275 | - | - | 275 |
| 11150 | Bevertning/matvarer | 0 | 5 895 | 5 895 | - | - | 5 895 |
| 11400 | ANNONSE, REKLAME, INFORMASJON | 0 | 4 034 | 4 034 | - | - | 4 034 |
| 11502 | Kurs / Kompetanseheving | 0 | 14 580 | 14 580 | - | - | 14 580 |
| 11600 | Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig | 0 | 19 234 | 20 610 | 1 376 | 2 752 | 23 362 |
| 11610 | Kostgodtgjersle, oppgåvepliktig | 0 | 520 | 520 | - | - | 520 |
| 11701 | Reiseutgifter, ikkje oppgåvepliktig | 0 | 35 580 | 41 031 | 5 451 | 16 353 | 57 384 |
| 11953 | Kontingentar | 0 | 3 067 | 3 067 | - | - | 3 067 |
| 12780 | Kjøpte tenester | 0 | - | 82 800 | 82 800 | - | 82 800 |
| 14290 | Utgiftsføring av betalt mva./kompensert | 0 | 4 349 | 4 804 | 455 | 910 | 5 714 |
| 17101 | Refusjon sjukeløn | 0 | 7 | 7 | - | -110 000 | -109 993 |
| 17105 | Refusjon feriepengar av sjukeløn | 0 | 1 | 1 | - | - | 1 |
| 17290 | Kompensert mva. | 0 | -4 349 | -4 804 | -455 | -910 | -5 714 |
| 17300 | Refusjon frå fylkeskommunar | 0 | -55 500 | -55 500 | - | - | -55 500 |
| | | 2 242 600 | 2 924 543 | 3 376 560 | 452 017 | 633 885 | **4 010 445** |
| | | | | totalt | | | |
| | | Budsjett | | | | | |
| | | Ekstraløyving | 1 200 000 | | | | |
| | | Vår-17 | 1 042 600 | 52 | | | |
| | | Haust-17 | 1 383 450 | 69 | | | |
| | | **OBS: Tilskot vår -17 for 2 stud** | **27 750** | | | | |
| | | Total | **3 653 800** | | | | |
| | | Differanse ca | **-356 645** | | | | |

Ved Hordaland helsefagskole er det forventa eit meirforbruk på kr 356 645 i 2017.

**Forslag til årsbudsjett for Fagskolen i Hordaland 2018**
Forslag til årsbudsjett for Fagskolen i Hordaland 2018 syner at fagskulen har ei ramme på kr 93, 6 mill. i 2018 (sjå vedlegg 1). Forslag til budsjett for 2018 tek utgangspunkt i budsjett for 2017 og rekneskapstall pr. november 2017. Det er ikkje faste kurs ved oppdragsverksemda i dag, og dette er difor ikkje budsjettert.

Kunnskapsdepartementet har bede fylkeskommunane om å søkje departementet om nye studieplasser for hausten 2018. Det er søknadsfrist 30. november, og eventuelle midlar til nye studieplassar ved Fagskolen i Hordaland er ikkje lagt inn i budsjettet.

| | | |
|---|---|---|
| Konto/Art | Konto/Art (tekst) | Kostnadssted |
| | | |
| 10100 | Fast løn | 69110000 |
| 10100 | Fast løn | 69115000 |
| 10111 | Fast løn, lærarar | 69155424 |
| 10111 | Fast løn, lærarar | 69155420 |
| 10111 | Fast løn, lærarar | 69155430 |
| 10111 | Fast løn, lærarar | 69155432 |
| 10111 | Fast løn, lærarar | 69155440 |
| 10111 | Fast løn, lærarar | 69155450 |
| 10111 | Fast løn, lærarar | 69155460 |
| 10111 | Fast løn, lærarar | 69190000 |
| 11857 | Vakthald | 69116000 |
| 11800 | Energi | 69116000 |
| 11900 | | |
| 11956 | Kommunale avgifter/ renovasjon | 69116000 |
| 12303 | Vedlikehald av bygningar, andre utgifter | 69116000 |
| 11010 | Kontor- og datarekvisita | 69155403 |
| 11012 | Abonnement/faglitteratur, inklusiv lydbøker og videogram | 69155403 |
| 11051 | Forbruksvarer undervisning | 69155403 |
| 11058 | Aviser/tidsskrift | 69155403 |
| 11150 | Bevertning/matvarer | 69155403 |
| 11221 | Velferdstiltak, Kantinetenester | 69155403 |
| 11225 | Gåver til ansatte | 69155403 |
| 11310 | Porto | 69155403 |
| 11400 | Annonse, reklame, informasjon | 69155403 |
| 11502 | Kurs / Kompetanseheving | 69155403 |
| 11600 | Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig | 69155403 |
| 11610 | Kostgodtgjersle, oppgåvepliktig | 69155403 |
| 11701 | Reiseutgifter, ikkje oppgåvepliktig | 69155403 |
| 11710 | Transportutgifter | 69155403 |
| 11951 | Lisensar IT | 69155403 |
| 11953 | Kontingentar | 69155403 |
| 12003 | Inventar og utstyr | 69155403 |
| 12404 | Kontormaskiner/ inventar | 69155403 |
| 12606 | Reinhaldsavtaler | 69155403 |
| 12780 | Kjøpte tenester | 69155403 |
| 15300 | Dekn. av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbr. | 69155403 |
| 12001 | Kjøp av bøker til bibliotek | 69155407 |
| 12012 | It-utstyr | 69155423 |
| 12010 | Utstyr | 69155424 |
| 12010 | Utstyr | 69155420 |
| 12010 | Utstyr | 69155430 |
| 12010 | Utstyr | 69155432 |
| 12010 | Utstyr | 69155460 |
| 12010 | Utstyr | 69155440 |
| 12010 | Utstyr | 69155450 |
| 12010 | Utstyr | 69110000 |
| 12411 | | |
| 17101 | Refusjon sjukeløn | 69155403 |
| 17102 | Refusjon fødselspengar | 69155403 |

| | | |
|---|---|---|
| 17700 | Refusjon frå andre (private) | 69155403 |
| 12010 | Utstyr | 69190000 |
| | **Sum** | |

| | | |
|---|---|---|
| Fagskulen i Hordaland Fagskole felles | 55400 | Fagskole |
| Fagskulen i Hordaland Voksenopplæring | 58100 | Voksenopplæring etter opplæringsloven |

| | 2018 | |
|---|---|---|
| **Årsbudsjett** | **Årsbudsjett** | |
| **89970706** | **93619000** | |
| 4000000 | 4000000 | |
| 2850000 | 2850000 | |
| 320000 | 320000 | |
| 18500000 | 18500000 | |
| 13270000 | 13270000 | |
| 3200000 | 3200000 | |
| 11200000 | 11200000 | |
| 10500000 | 10500000 | |
| 8400000 | 8400000 | |
| 2700000 | 270000 | |
| 120000 | 120000 | |
| 1100000 | 1300000 | |
| | 2560000 | Husleie Nygård |
| 200000 | 295000 | |
| 270000 | 400000 | |
| 500000 | 500000 | |
| 150000 | 170000 | |
| 350000 | 350000 | |
| 25000 | 25000 | |
| 200000 | 200000 | |
| 350000 | 450000 | Kantinedrift Haugeveien + Nygård |
| 5000 | 7000 | |
| 25000 | 30000 | |
| 100000 | 400000 | |
| 210000 | 250000 | |
| 65000 | 85000 | |
| 75000 | 150000 | |
| 250000 | 500000 | |
| 15000 | 40000 | |
| 350000 | 350000 | |
| 100000 | 100000 | |
| 600000 | 600000 | |
| 50000 | 50000 | |
| 50000 | 50000 | |
| 2045000 | 3845345 | |
| 1950000 | | |
| 50000 | 50000 | |
| 80000 | 110000 | |
| 58000 | 58000 | |
| 1795000 | 1795555 | |
| 1196000 | 119600 | |
| 228000 | 22800 | |
| 969000 | 969000 | |
| 969000 | 969000 | |
| 912000 | 912000 | |
| 740700 | 740700 | |
| | 2500000 | Service simulatorer |
| -120000 | | |
| -290000 | | |

| | |
|---|---|
| -750000 | |
| 38006 | 35000 |
| **89970706** | **93619000** |

Arkivnr: 2015/11453-108

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Hordaland fagskulestyre | 45/17 | 28.11.2017 |

# Tilbodsstruktur ved Fagskolen i Hordaland 2018/19

**Samandrag**
Frå og med budsjettåret 2018 vert det innført ein ny tilskotsmodell for fagskular under Kunnskapsdepartementet (KD). Fylkeskommunane har vore i dialog med KD om den nye tilskotsmodellen, men det er framleis uavklarte spørsmål i høve til korleis fylkeskommunane skal fordele tilskota i eige fylke. I fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2018 er det føreslått kr 93,6 mill. til drift av Fagskolen i Hordaland. I tillegg er det sett av om lag 2,4 mill. til fagskuleadministrasjon og fellesutgifter. Dette er også midlar til mellom anna marknadsføring av Fagskolen i Hordaland, styrekostnader mm. I tilbodsstrukturen for 2018/19 vert helsefagskuletilboda lagt til Fagskolen i Hordaland med bakgrunn i samanslåinga av dei to fagskulane. Tilskotet til helsefagskuleutdanningane er i 2018 på kr 8,3 mill. og skal dekkje tilskot til helsefagskule-utdanningar ved Fagskolen i Hordaland og hjå private tilbydarar som søkjer tilskot. Tilbodsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2018/19 syner kva tilbod administrasjonen ved opplæringsavdelinga, saman med rektor ved fagskulen, vil føreslå vert lagt ut for opptak i Vigo våren 2018. Etter søknadsfristen 15. april 2018 vil styret igjen handsama sak om tilbodsstruktur basert på reelle søkjartal. Tilboda vert såleis ikkje oppretta hausten 2018 dersom det ikkje er eit søkjargrunnlag eller økonomi til å gjennomføre tilbodet.

**Forslag til vedtak**

1. Styret for Fagskolane i Hordaland ber administrasjonen ved opplæringsavdelinga om å vurdera å søkje KD om tilskot til nye studieplassar hausten 2018 for tilboda CNC og robotteknologi, Lokal matkultur og Klassisk bygningshandverk og restaurering.

2. Tilbodsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2018/19 vert vedteke med atterhald om tilskot til tilboda i vedtak 1:

**Hordaland fylkeskommune**
OPPLÆRINGSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

| Skuleåret 2018/19 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 691 | Fagskolen i Hordaland | Nye studentar | Heilårsekvivalentar | | |
| | | | 1. år | 2. år | 3. år |
| **Nordnes** | Psykisk helsearbeid og rusarbeid | 25 | 12,5 | 12,5 | |
| Helse | Rehabilitering | 25 | 12,5 | | |
| | Spesialreinhald og sterilforsyning | | | 8,5 | |
| | Psykisk helsearbeid | | | | |
| | Rus og avhengighetsproblematikk | | | | |
| | Helse, aldring og aktiv omsorg | | | | |
| | Livsstils- og kroniske sjukdomar | | | | |
| | Kreftomsorg | | | | |
| **Nordnes** | Klima, energi og miljø i bygg FTB03N | 30,00 | 20,00 | 22,00 | 16,67 |
| Teknisk | KEM /Tak og fasade FTB03N | 0,00 | - | - | - |
| | Bygg FTB01H | 30,00 | 30,00 | 33,00 | - |
| | Bygg FTB01N | 40,00 | 26,67 | 23,33 | 20,67 |
| | Automatisering FTE01H | 30,00 | 30,00 | 17,00 | - |
| | Automatisering FTE01N | 30,00 | 20,10 | 15,41 | 10,72 |
| | Elkraft FTE03H | 30,00 | 30,00 | 52,00 | - |
| | Elkraft FTE03N | 40,00 | 26,80 | 22,78 | 23,45 |
| | Maskinteknikk FTT04H | 30,00 | 30,00 | 29,00 | - |
| | Maskinteknikk FTT04N | 40,00 | 26,80 | 18,76 | 16,75 |
| | Maskinteknikk med ISO FTT11N | 0,00 | - | - | - |
| | Prosessteknikk FTK01H | 0,00 | - | - | - |
| | Prosessteknikk FTK01N | 30,00 | 20,10 | 13,40 | 15,41 |
| | CNC og robotteknologi | 30,00 | 30,00 | - | - |
| **Stord** | Maskinteknikk FTT04H | 0,00 | - | 25,00 | - |
| | Elkraft FTE03H | 30,00 | 30,00 | - | - |
| **Nygård** | Maskinoffiser FTM02H | 30,00 | 30,00 | 29,00 | - |
| | Dekksoffiser FTM01H | 30,00 | 30,00 | 25,00 | - |
| | Boring FTP01H | 30,00 | 30,00 | 17,00 | - |
| | Havbunnsinstallasjoner FTP04H | 30,00 | 30,00 | 4,00 | - |
| **Austevoll** | Dekksoffiser FTM01H | 30,00 | 30,00 | 26,00 | - |
| Hjeltnes | Arborist FPS01D | 18,00 | 9,00 | - | - |
| | Klassisk bygningshandverk | 30,00 | 15,00 | - | - |
| | Lokal matkultur | 30,00 | 20,10 | - | - |
| **Voss** | Anlegg FTB02H | 0,00 | - | - | - |
| | Anlegg FTB02N | 30,00 | 20,10 | 20,10 | - |
| **Fus/Aust.** | **Akvakultur FPH01N** | 0,00 | - | - | - |
| **Totalt** | **Fagskolen i Hordaland** | **698** | **559,67** | **413,78** | **103,66** |

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.11.2017**

Frå og med budsjettåret 2018 vert det innført ein ny tilskotsmodell for fagskular under Kunnskapsdepartementet (KD). Den nye tilskotsordninga er basert på ein modell med eit grunntilskot, eit resultatbasert tilskot og eigne midlar til kvalitetshevande tiltak. Fordi det no er ein overgang til ny tilskotsmodell vert det resultatbaserte tilskotet først sett i verk i 2019. Fylkeskommunane har vore i dialog med KD om den nye tilskotsmodellen, men det er framleis uavklarte spørsmål i høve til korleis fylkeskommunane skal fordele tilskota i eige fylke. Fylkeskommunane vil få eit tilskotsbrev i desember som syner berekningane som er gjort i høve til kor stort tilskotet er til den einskilde fylkeskommune, og korleis fylkeskommunane skal tildele tilskot til eigne og private fagskular. I tillegg vil det verte gitt føringar for korleis fylkeskommunane skal rapportere til KD i høve til bruk av tilskotet.

Tilskotet til fagskuleverksemd er i statsbudsjettet for 2018 trekt ut av rammetilskotet og vert gitt som øyremerka tilskot. Det totale statstilskottet til Hordaland for 2018 er på 96,369 mill. kr. Inkludert i dette tilskotet er 6 mill. kr til Kunstskolen i Bergen og 8,37 mill. kr til helsefagskuletilboda. I tillegg til statstilskotet gjev Hordaland fylkeskommune midlar til drift av fagskulen. I 2018 er løyvinga til drift om lag 14 mill. kr. Det er om lag 0,8 mill. kr mindre enn i 2017, men den totale ramma til Fagskolen i Hordaland er ikkje lågare i 2018 enn i 2017.

Tabell 1. Fagskule 2018

| | | Bud 2017 | Bud 2018 |
|---|---|---|---|
| Fagskolen i Hordaland | Driftsutgifter | 92 548 | 93 619 |
| | Driftsinntekter | -80 469 | -81 999 |
| | Netto driftsutgiftar nominelt | 12 079 | 11 620 |
| Fagskuleadm og fellesutg | Driftsutgifter | 2 364 | 2 446 |
| | Driftsinntekter | 0 | 0 |
| | Netto driftsutgiftar nominelt | 2 364 | 2 446 |
| Kunstskolen i Bergen | Driftsutgifter | 6 000 | 6 000 |
| | Driftsinntekter | -6 000 | -6 000 |
| | Netto driftsutgiftar nominelt | 0 | 0 |
| Helsefag tilskott | Driftsutgifter | 7 500 | 8 370 |
| | Driftsinntekter | -7 500 | -8 370 |
| | Netto driftsutgiftar nominelt | 0 | 0 |
| Fagskule | Driftsutgifter | 108 412 | 110 435 |
| | Driftsinntekter | -93 969 | -96 369 |
| | Netto driftsutgiftar nominelt | 14 443 | 14 066 |
| | Netto driftsutgifter i 2018 kroner | 14 854 | 14 066 |

Tabell 1 syner budsjett for fagskulesektoren i 2018.

I 2017 vart ansvar for reinhald overført frå skulane til eigedomsavdelinga. I samband med denne overføringa vart budsjettet til opplæringssektoren redusert med 92 mill. Heile nedtrekket vart gjort på dei vidaregåande skulane. Nedtrekket på fagskule i 2018 er ein korreksjon, slik at fagskulen tar sin del av nedtrekket på 92 mill. Budsjettramma til dei vidaregåande skulane er auka tilsvarande.

Det er sett av om lag 2,4 mill. til fagskuleadministrasjon og fellesutgifter. Detter er også midlar til mellom anna marknadsføring av Fagskolen i Hordaland, styrekostnadar m.m. I tilbodsstrukturen for 2018/19 vert også helsefagskuletilboda lagt til Fagskolen i Hordaland med bakgrunn i samanslåinga. Tilskotet til helsefagskuleutdanningane er i 2018 på kr 8,3 mill. og skal også dekkje tilskot til helsefagskule-utdanningane ved Fagskolen i Hordaland. Såleis kjem tilskot til helsefagskuleutdanning på topp av dei 93,6 mill. som er budsjettert for Fagskolen i Hordaland.

**Tilbodsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2018/19**
Tilbodsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2018/19 syner kva tilbod administrasjonen ved opplæringsavdelinga, saman med rektor ved fagskulen, vil føreslå vert lagt ut for opptak i Vigo våren 2018. Etter søknadsfrist 15. april 2018 vil styret igjen handsama sak om tilbodsstruktur basert på reelle søkjartal. Tilboda vert såleis ikkje oppretta hausten 2018 dersom det ikkje er eit søkjargrunnlag eller økonomi til å gjennomføre tilbodet.

På bakgrunn av den nye tilskotsmodellen er det som nemnt framleis noko uklart korleis tilskota skal verte fordelt i frå fylkeskommunen til styret og andre fagskular. Gjennom statsbudsjettet for 2018 er det føreslått ein sats på kr 86.000 for nye studentar, men det er ikkje bestemt ein eigen sats for tilbod som allereie er oppretta. Det vil sei at det grunntilskotet som vert gjeve til fagskule i Hordaland fylkeskommune ikkje er berekna på bakgrunn av ein bestemt sats eller studenttalet i 2017. Administrasjonen har på grunn av at føresetnadene i høve til det statlege tilskotet ikkje er tilstrekkeleg klargjort, valt å leggje fram tilbodsstruktur for styret utan at dette er knytt opp til ein sats og eit budsjett. Tilbodsstrukturen er sjølvsagt berekna ut i frå kva som er mogleg å starta opp innanfor den ramma som er gitt med bakgrunn i tidlegare berekningar. Fagskolen i Hordaland utarbeider forslag til budsjett basert på tildelt ramme i eiga sak slik at styret også får handsama skulen sitt budsjett for 2018.

I statsbudsjettet for 2018 er det i tillegg sett av 31,6 mill. til 638 nye studieplassar for fagskuleutdanning. Det er fylkeskommunane som søkjer om desse plassane innan 30. november. Nye studieplassar vert finansiert med eit grunntilskot på kr. 69.000 per studieplass. Det resultatbaserte tilskotet vert gjeve i høve til talet på avlagte fagskulepoeng i åra framover, og satsen vil i 2018 vere 17.000 kr per studieplass (60 fagskulepoeng).

I forslag til tilbodsstruktur er det føreslått oppretting av 3 nye utdanningar basert på ein føresetnad at fylkeskommunen søkjer om tilskot til nye studieplassar. Dersom styret vedtek å lyse ut desse tilboda med føresetnad om tilskot til nye studieplassar må administrasjonen ta dette vidare administrativt i fylkeskommunen. Det er som nemnt fylkeskommunen som skal søkje KD om midlar til nye studieplassar med bakgrunn i ei vurdering av kompetansebehovet i regionen.

Tabell 2 under syner forslag til den totale tilbodsstrukturen ved Fagskolen i Hordaland 2018/19.

Tabell 2. Forslag til tilbodsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2018/19

| Skuleåret 2018/19 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 691 | Fagskolen i Hordaland | Nye studentar | Heilårsekvivalentar | | |
| | | | 1. år | 2. år | 3. år |
| **Nordnes** | Psykisk helsearbeid og rusarbeid | 25 | 12,5 | 12,5 | |
| Helse | Rehabilitering | 25 | 12,5 | | |
| | Spesialreinhald og sterilforsyning | | | 8,5 | |
| | Psykisk helsearbeid | | | | |
| | Rus og avhengighetsproblematikk | | | | |
| | Helse, aldring og aktiv omsorg | | | | |
| | Livsstils- og kroniske sjukdomar | | | | |
| | Kreftomsorg | | | | |
| **Nordnes** | Klima, energi og miljø i bygg FTB03N | 30,00 | 20,00 | 22,00 | 16,67 |
| Teknisk | KEM /Tak og fasade FTB03N | 0,00 | - | - | - |
| | Bygg FTB01H | 30,00 | 30,00 | 33,00 | - |
| | Bygg FTB01N | 40,00 | 26,67 | 23,33 | 20,67 |
| | Automatisering FTE01H | 30,00 | 30,00 | 17,00 | - |
| | Automatisering FTE01N | 30,00 | 20,10 | 15,41 | 10,72 |
| | Elkraft FTE03H | 30,00 | 30,00 | 52,00 | - |
| | Elkraft FTE03N | 40,00 | 26,80 | 22,78 | 23,45 |
| | Maskinteknikk FTT04H | 30,00 | 30,00 | 29,00 | - |
| | Maskinteknikk FTT04N | 40,00 | 26,80 | 18,76 | 16,75 |
| | Maskinteknikk med ISO FTT11N | 0,00 | - | - | - |
| | Prosessteknikk FTK01H | 0,00 | - | - | - |
| | Prosessteknikk FTK01N | 30,00 | 20,10 | 13,40 | 15,41 |
| | CNC og robotteknologi | 30,00 | 30,00 | - | - |
| **Stord** | Maskinteknikk FTT04H | 0,00 | - | 25,00 | - |
| | Elkraft FTE03H | 30,00 | 30,00 | - | - |
| **Nygård** | Maskinoffiser FTM02H | 30,00 | 30,00 | 29,00 | - |
| | Dekksoffiser FTM01H | 30,00 | 30,00 | 25,00 | - |
| | Boring FTP01H | 30,00 | 30,00 | 17,00 | - |
| | Havbunnsinstallasjoner FTP04H | 30,00 | 30,00 | 4,00 | - |
| **Austevoll** | Dekksoffiser FTM01H | 30,00 | 30,00 | 26,00 | - |
| Hjeltnes | Arborist FPS01D | 18,00 | 9,00 | - | - |
| | Klassisk bygningshandverk | 30,00 | 15,00 | - | - |
| | Lokal matkultur | 30,00 | 20,10 | - | - |
| **Voss** | Anlegg FTB02H | 0,00 | - | - | - |
| | Anlegg FTB02N | 30,00 | 20,10 | 20,10 | - |
| **Fus/Aust.** | **Akvakultur FPH01N** | 0,00 | - | - | - |
| **Totalt** | **Fagskolen i Hordaland** | **698** | **559,67** | **413,78** | **103,66** |

Tabell 2. oversikt over forslag til samla studenttal ved Fagskolen i Hordaland 2018/19.

Tabell 2 syner forslag til tal på nye studentar hausten 2018, samt tal på heilårsekvivalentar fyrste, andre og tredje studieår. Totalt er det føreslått 698 nye studieplassar hausten 2018. Rekna om til heilårsekvivalentar vert det 559,67 nye studieplassar. Vidare er det forventa om lag 400 andreårsstudentar og 100 tredjeårs-studentar.

Vidare vert det gjeve ei oversikt over forslag til tilbodsstruktur fordelt på dei ulike studiestadene. På Nordnes er det laga ein eigen tabell for helsefag og ein eigen tabell for dei tekniske faga. Endringar frå skuleåret 2017/18 vert omtala under kvar tabell.

Tabell 3. Helsetilbod ved Nordnes hausten 2018

| Skuleåret 2018/19 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 691 | Fagskolen i Hordaland | Nye studentar | Heilårsekvivalentar | | |
| | | | 1. år | 2. år | 3. år |
| Nordnes | Psykisk helsearbeid og rusarbeid | 25 | 12,5 | 12,5 | |
| Helse | Rehabilitering | 25 | 12,5 | | |
| | Spesialreinhald og sterilforsyning | | | 8,5 | |
| | Psykisk helsearbeid | | | | |
| | Rus og avhengighetsproblematikk | | | | |
| | Helse, aldring og aktiv omsorg | | | | |
| | Livsstils- og kroniske sjukdomar | | | | |
| | Kreftomsorg | | | | |

Tabell 3 syner at tilboda Psykisk helsearbeid og Rehabilitering vert føreslått oppretta hausten 2018. Psykisk helsearbeid og rusarbeid er eit ettertrakta tilbod, og det vert derfor føreslått oppretta hausten 2018. Tilbodet Rehabilitering vart sist oppretta hausten 2016, og studentane er ferdig utdanna til sommaren 2018. På bakgrunn av dette vert det føreslått å opprette ein ny klasse innan Rehabilitering.

Spesialreinhald og sterilforsyning har styret pleidd å starte annakvart år etter ønskje frå aktuelt arbeidsliv, og det vert føreslått å ikkje starte opp ny klasse før hausten 2019. Med bakgrunn av samanslåinga mellom Fagskolen i Hordaland og Hordaland helsefagskole vert det føreslått å prioritere tilbod i høve til personalsituasjonen ved skuleåret 2018/17. Fagskulen bør bruke tid på å etablere seg i arbeidsmarknaden innan helsefaga og på sikt auke studenttal og variasjon i tilboda.

Tabell 4. Tekniske fag ved Nordnes hausten 2018

| Skuleåret 2018/19 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 691 | Fagskolen i Hordaland | Nye studentar | Heilårsekvivalentar | | |
| | | | 1. år | 2. år | 3. år |
| Nordnes | Klima, energi og miljø i bygg FTB03N | 30,00 | 20,00 | 22,00 | 16,67 |
| Teknisk | KEM /Tak og fasade FTB03N | 0,00 | - | - | - |
| | Bygg FTB01H | 30,00 | 30,00 | 33,00 | - |
| | Bygg FTB01N | 40,00 | 26,67 | 23,33 | 20,67 |
| | Automatisering FTE01H | 30,00 | 30,00 | 17,00 | - |
| | Automatisering FTE01N | 30,00 | 20,10 | 15,41 | 10,72 |
| | Elkraft FTE03H | 30,00 | 30,00 | 52,00 | - |
| | Elkraft FTE03N | 40,00 | 26,80 | 22,78 | 23,45 |
| | Maskinteknikk FTT04H | 30,00 | 30,00 | 29,00 | - |
| | Maskinteknikk FTT04N | 40,00 | 26,80 | 18,76 | 16,75 |
| | Maskinteknikk med ISO FTT11N | 0,00 | - | - | - |
| | Prosessteknikk FTK01H | 0,00 | - | - | - |
| | Prosessteknikk FTK01N | 30,00 | 20,10 | 13,40 | 15,41 |
| | CNC og robotteknologi | 30,00 | 30,00 | - | - |

Tabell 4 syner at tilboda KEM med tak og fasade, Maskinteknikk med ISO og Prosessteknikk heiltid ikkje vert føreslått oppretta hausten 2018. Dei to førstnemnde tilboda har ei smalare målgruppe enn ordinær KEM og Maskinteknikk, og vert difor ikkje føreslått oppretta hausten 2018. Fagskulen kan opprette desse tilboda for studentar som har teke ordinær KEM og maskinteknikk, og som ønskjer ei tilleggsfordjuping innan tak og fasade eller ISO. Tilbodet Prosessteknikk rekrutterer betre som nett-tilbod enn som heiltidstilbod, og det vert difor føreslått å opprette tilbodet berre på nett. Det vert føreslått éin klasse innan

Elkraft heiltid hausten 2018. Hausten 2017 vart det oppretta to klassar innan Elkraft heiltid på grunn av svært høge søkjartal, men på grunn av ønskje om å opprette Elkraft heiltid ved studiestaden Stord (tabell 5), vert det ikkje føreslått to klassar ved Nordnes hausten 2018. Ved tilboda Bygg nett, Elkraft nett og Maskinteknikk nett vert det føreslått klassar på 40 studentar av di det pleier å vere godt med søkjarar til desse tilboda. Tilbodet CNC og robotteknologi vart godkjent av NOKUT denne hausten, og det vert føreslått å oppretta ein heiltidsklasse med 30 studentar med føresetnad av at Hordaland fylkeskommune søkjer om tilskot til nye studentar ved dette tilbodet.

Tabell 5. Tekniske fag på Stord hausten 2018

| Skuleåret 2018/19 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 691 | Fagskolen i Hordaland | Nye studentar | Heilårsekvivalentar | | |
| | | | 1. år | 2. år | 3. år |
| Stord | Maskinteknikk FTT04H | 0,00 | - | 25,00 | - |
| | Elkraft FTE03H | 30,00 | 30,00 | - | - |

Tabell 5 syner at tilbodet Maskinteknikk har 25 andreårsstudentar hausten 2018. Næringa på Stord ønskjer at det er eit kontinuerleg tilbod på Stord i fortsettinga. Dette vil sjølvsagt vere avhengig av behovet i framtida, men det vert føreslått å opprette tilbodet Elkraft på Stord hausten 2018. Det er tilboda Maskinteknikk, Elkraft og Automatisering som er godkjent på Stord, og det er ønskjeleg å alternere mellom dei frå år til år.

Tabell 6. Maritime og petroleumstekniske fag ved Nygård hausten 2018

| Skuleåret 2018/19 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 691 | Fagskolen i Hordaland | Nye studentar | Heilårsekvivalentar | | |
| | | | 1. år | 2. år | 3. år |
| Nygård | Maskinoffiser FTM02H | 30,00 | 30,00 | 29,00 | - |
| | Dekksoffiser FTM01H | 30,00 | 30,00 | 25,00 | - |
| | Boring FTP01H | 30,00 | 30,00 | 17,00 | - |
| | Havbunnsinstallasjoner FTP04H | 30,00 | 30,00 | 4,00 | - |

